

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval        | Type | Dato       |
|--------|--------------|------|------------|
| 102/19 | Heradsstyret | PS   | 11.12.2019 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Anders Gulowsen | 14/1741    |

## Vedtak om vidareføring av byggje- og deleforbod i områdeplan Lonevåg planID 12532015001

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune vedtek å forlenga det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor planavgrensinga i inntil 1 år jf. plan- og bygningslova (PBL) § § 13-1 og 13-2.

Mindre tiltak jf PBL § § 20-4 og 20-5 på bebygd bustadtomt/nærerstomt, 20 meter frå kommunal vegmidte og 50 meter frå fylkesveg, kan gjevast etter nærmere vurdering. Eventuelle søknader om løyve til tiltak skal til uttale til planavdelinga og vegmynde. Risiko for konflikt med framtidig arealbruk skal vektleggast i slike saker.

### Heradsstyret - 102/19

#### HS - behandling:

Saka vart handsama etter sak 103/19, jfr. vedtak om endra saksrekkjefølgje.

---

#### AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke

#### HS - vedtak:

"Osterøy kommune vedtek å forlenga det mellombelse forbodet mot tiltak innanfor planavgrensinga i inntil 1 år jf. plan- og bygningslova (PBL) § § 13-1 og 13-2.  
Mindre tiltak jf PBL § § 20-4 og 20-5 på bebygd bustadtomt/nærerstomt, 20 meter frå kommunal vegmidte og 50 meter frå fylkesveg, kan gjevast etter nærmere vurdering. Eventuelle søknader om løyve til tiltak skal til uttale til planavdelinga og vegmynde. Risiko for konflikt med framtidig arealbruk skal vektleggast i slike saker."

#### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Noverande byggje- og deleforbod vart vedteke for 2 år i Heradsstyret 13/12-2017. På grunn av tidsperspektivet går denne saka rett til Heradsstyret.

## **Bakgrunn**

Byggje- og deleforbod for områda omfatta av områdeplanen for Lonevåg vart vedtatt med ein varigheit på 2 år i Heradsstyret 13.12.2017. Arbeidet med områdeplanen for Lonevåg er førebels pågående og det er behov for ei forlenging av byggje- og deleforbodet inntil områdeplanen er ferdig.

## **Vurdering**

For å sikre at det ikkje vert sett i gang større tiltak som kan hindre gjennomføring av områdeplanen er det naudsynt at det midlertidige byggje- og deleforbodet vert forlenga.

Det har vore saker til behandling som har vore ramma av byggje- og deleforbodet. Planavdelinga har i desse sakane tilrådd positiv behandling der det er søkt om tiltak som ikkje kjem i konflikt med framtidig arealutnytting i områdeplanen. Forbodet har vore lagt til grunn for avslag på 2 søknadar av totalt 10-15 søknadar.

## **Konklusjon**

Det er viktig å sikre at tiltak skjer i tråd med områdeplanen for Lonevåg. Det er uheldig med tiltak som kan gjere grepa i områdeplanen vanskeleg å gjennomføre. At ein likevel kan gje positive tilrådingar i byggjesøknader kan tilseie at dette forbodet i liten grad er til hinder for innbyggjarane. Rådmannen tilrår ei vidareføring av byggje- og deleforbodet.